



Knut Willie Jacobsen  
Lurevegen 304  
5912 SEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/10760 - 23/19131

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
09.03.2023

## Ferdigattest - tilbygg til bustad gbnr 323/578 Frekhaug

**Administrativt vedtak:** Saknr: 268/23  
**Tiltakshavar:** Jon-Karsten Berg Saunes  
**Ansvarleg søkjar:** Knut Willie Jacobsen  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til bustad på gbnr 323/578.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 21/10760, datert 21.03.2022 og endringsløyve datert 06.09.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 09.12.22 og supplert 07.03.23.

### Skildring

Adresse:	Elvavegen 16 5918 Frekhaug
Bygningstiltak:	Tilbygg til rekkjehus
Bygningsnummer:	300565081
Bruksareal:	58

Avlaup:	kommunalt
Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/10760

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Jon-Karsten Berg Saunes                      Elvavegen 16      5918                      FREKHAUG

### Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen                      Lurevegen 304      5912                      SEIM